
Fra: Rune Garmann
Sendt: 22. februar 2017 14:08
Til: Postmottak Austevoll; Post Austrheim; Postmottak Fedje; Postmottak Lindås; Post Masfjorden kommune; Postmottak Meland; Postmottak Modalen; Post Osterøy; Postmottak Fedje; Postmottak Vaksdal
Kopi: Thomas Rønn-Aar; Lars Erling Aarland
Emne: Påminning om arbeid med registrering av kommunen sin bruk av personopplysningar

Til rådmennene i kommunane som samarbeider med IKTNH :

Eg viser til tidlegare brev om prosjektet IKTNH har sett i gang for at IKTNH og kommunane skal kunne handsame data i tråd med den nye personvernforordninga når denne vert gjeldande som lov i Noreg 25. mai 2018.

Status er at vi har hatt ein gjennomgang av registreringsarbeidet i fem av kommunane og skl ha tilsvarande gjennomgang i to nye kommunar den 2. mars. Vi vonar at dei tre resterande kommunane gjer avtale med oss om gjennomgang så snart som råd.

Det er eit ynskje at kommunane kan vere ferdige med den fyrste delen av registreringsarbeidet sitt før påske, slik at vi kan starte opp ein oppfylgjande prosess med køyring av ROS-analyse på kommunane sin bruk av persondata i løpet av våren.

Når kartleggingsarbeidet er gjort og ROS-analysane gjennomført, vil kommunane sitje med eit rimeleg godt oversyn over eigen noverande bruk av personinformasjon og kvaliteten av denne, slik §18 i Personopplysningsloven legg til grunn at kommunane må ha.

Prosjektgruppa vil i ettertid kunne bruke den informasjonen til å sjå kva som eventuelt må på plass for å stette nye krav som er stilt av Personvernforordninga, noko som vil vere ein svært viktig del av gruppa sitt arbeid.

På grunnlag av dette vil vi be om rådmennene si hjelp til å få gjennomført kartleggingarbeidet innan påske, så sant dette er praktisk mogleg.

Venleg helsing

Rune Garmann

IKTNH

Tlf. 56 16 62 26 / 915 24 405